



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Britt Solheim, 55 57 23 34

Vår dato
11.12.2017
Dykkar dato

Vår referanse
2017/5543 461.3
Dykkar referanse
Thomas Larsen

Gomann Rognaldsen AS
Veråsvegen 234
5955 LINDÅS

Purring på tilbakemelding etter tilsyn - Varsel om pålegg om innsending av prøveresultat - Varsel om tvangsmulkt

Vi viser til vårt tilsyn 19. april 2017, til dykkar tilbakemelding av 18. juli 2017, vårt brev av 18. oktober 2017 med ny frist 10. november 2017 for ny tilbakemelding for retting av avvika. Vi viser også til ytterlegere korrespondanse i saka som det ikkje blir referert til her.

Vedtaket om ny frist for tilbakemelding blei gjort etter § 49 i forureiningslova og verksemda kunne klage på vedtaket jf. forvaltningslova § 14. Fylkesmannen har ikkje mottatt klage på vedtaket.

Fristen for tilbakemelding er gått ut, og verksemda har ikkje sendt inn ny melding om korleis avvika er retta. Ny frist for tilbakemelding er 1. februar 2018.

Varsel om tvangsmulkt

Dersom Fylkesmannen ikkje har motteke ei tilbakemelding innan fristen med ei stadfesting på at avvika er retta, vi Fylkesmannen fatte vedtak om tvangsmulkt på 50 000 kroner, jf. forureiningslova § 73. Ei eventuell tvangsmulkt vil starte etter at ein fastsett frist er ute. Kommenterar til varselet kan de sende til Fylkesmanen innan to veker etter at dette brevet er motteke, jf. forvaltningslova § 16.

Gomann Rognaldsen AS sa seg villig i møte 24. august 2017 til å gjennomføre prøvetaking i dei tre prøvepunktene som kommunen har skissert i kart, for å finne ut om utsleppa kjem frå verksemda til bakeriet.

Varsel om pålegg om innsending av prøveresultat

Fylkesmannen varslar at vi vil påleggje Gomann Rognaldsen AS om å sende inn analyseresultata frå prøvetakinga av utslepp i fjorden.

De har høve til å kome med merknader til dette varselet. Eventuelle merknader må sendast til Fylkesmannen i Hordaland innan to veker etter at dette brevet er motteke.

Med helsing

Sissel Storebø
senioringeniør

Britt Solheim
senioringeniør

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Gomann Rognaldsen AS
Radøy kommune Radøyvegen 1690 5936 Manger